

Kva blir bruløysinga?

27.10.2009



Kva slags bru blir det her til slutt? Den havarerte brua ligg på andre sida. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kva blir løysinga for den nye brua over elva ved Dønhaughølen etter havariet med det gamle dekket i førre veka? Det kan ikkje grunneigar Magne Huglen svara på enno. Førebels er Haugland Maskin i gang med å plastra elvebreidda ovanfor brufestet slik dei også har gjort nedanfor. Flommen herja stygt med elvebreidda då han også raserte brua i 2005.



Det blir fin plastring også ovanfor brua. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Men no blir det verkeleg fint og Huglen får gjort meir reparasjonsarbeid enn han eigentleg planla.

Når det så gjeld brudekket, som var delt i tre då det fall ned på den andre sida av elva under kranløftet, er det vurdert av ein takstmann. Neste fase blir å få avgjort kven som hadde ansvaret for at det gjekk så gale som det gjorde.

Huglen vurderer no fleire alternativ med omsyn til løysing. Til dømes kan det bli aktuelt å nytta jerndragarar i staden for betongdragarar som vart nytta i den havareerte brua.

Eit anna spørsmål er om det skal nyttast tredekke eller støypt dekke.

I alle fall håpar grunneigaren at prosjektet kan bli gjennomført relativt snart slik at transporten over til den del av eigedomen som ligg på andre sida kan koma i gang igang att utan at omvegen må nyttast.

Av Ola Matti Mathisen